

OSTERØY KOMMUNE  
Linda Svidal  
Nordås/linda.svidal.nordas@osteroy.kommune.no  
5282 LONEVÅG

---

<b>Dato</b>	22.03.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/565-82
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Anders Søyland
<b>E-post</b>	Anders.Soyland@vlfk.no
<b>Telefon</b>	40427671

Att.Linda Svidal Nordås

## Svar på søknad om tilskot til friluftslivets ferdselsårer, Osterøy kommune

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til plan for friluftslivets ferdselsårer i Osterøy.

Osterøy kommune blir tildelt **52 500 kr** til arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer.

Det i søknaden blir opplyst at det er ønskeleg med bistand frå prosjektmedarbeidar i VLFK med verdi tilsvarande 40 000 kr. Kr 40 000 blir derfor tildelt i forma av bistand til prosjektet, medan kr 12 500 blir utbetalt i prosjekttilskot til kommunen.

Administrativ sak om fordeling av tilskot til friluftslivets ferdselsårer er lagt ved.

### Bakgrunn

Regional plan for kultur 2023-2035 «Kultur bygger samfunn», set mål for tilskot til kultur og idrettsfremål. Tiltaket er forankra i Anleggspolitik for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024.

### Grunngjeving

Fjaler har gjennomført mesteparten av steg 1 og 2 i arbeidet med plan for friluftslivets ferdselsårer og kvalifisere dermed til steg 3 og 4.

### Utbetaling

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF - format til Vestland fylkeskommune. Vi ber om at dette vert gjort så snart som mogleg, og seinast innan 1. mai.

Elektroniske fakturaadresse: 0192:821311632

Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2022/565

Ressursnummer: 42688

Tilskotet blir utbetalt så snart Vestland fylkeskommune får tilsendt faktura. Mottakar har sjølv ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Vilkår for tilskotet

Tilskottet skal nyttast til å slutføre arbeidet med ein plan for friluftslivets ferdselsårer i Osterøy kommune. Planarbeidet skal følgje metodikk i Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292. Det er sett vilkår om 50% eigenfinansiering i gjennomføring av planarbeidet.

### Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med søknaden.

- Tilsegnsmottakar skal gjennomføra rapportering, levera rekneskap samt medverka til kontroll som nemnt under.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Vestland fylkeskommune er tilskotsgjevar.

### **Brot på vilkår og føresetnader**

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt, kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

### **Rapportering**

Sluttrapport og rekneskap sendast på e-post til Vestland fylkeskommune post@vlfk.no merka med saksnummer 2022/565, innan 15. desember 2023.

Statusrapporten skal skildre status og gjennomførte tiltak og grunngje evt. avvik frå søknaden.

### **Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar, etter førespurnad, å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

### **Klage/partsinnsyn**

Det er klagerett på enkeltvedtak jf. forvaltningslova. Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottek melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Vestland fylkeskommune, avdeling for kultur og folkehelse. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§18 og 19.

Lukke til med arbeidet med friluftslivets ferdselsårer!

Med helsing

**Britt Karen Spjeld**

Seksjonssjef  
Seksjon fysisk aktivitet og inkludering

**Anders Søyland**

Seniorrådgjevar  
Seksjon fysisk aktivitet og inkludering

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*